



Dykkars ref.

Vår ref.

Dato

23/896 - 7

03.04.2023

## Høyring - Ny Fortun transformatorstasjon

Kommunestyret - 22/23, har i møte 30.03.2023 fatta følgjande vedtak:  
Luster kommunestyre vedtek høyringsuttale om Ny Fortun transformatorstasjon, med tilhøyrande anlegg, slik den ligg føre i vedlegg med følgjande endringar/tillegg:

### *Under punkt 3.4:*

- Ein bør vurdere å byggje ny bru i samsvar med krav til dagens standard og legge om vegen for å utbetre kurvaturen.

### *Kulepunkt 4 endrast til:*

Beslaglagt jordbruksareal må kompenseras i vesentleg større grad enn planlagt søkt om og «netto null»- rekneskap etterstrevast i samsvar med nasjonal jordvernstrategi. Så langt råd er skal areal i same arealkategori og same kvalitet for den enkelte grunneigar erstattast med tilsvarande areal, sekundært for landbruket i lokalområdet.

### *Ekstra kulepunkt etter pkt. 4:*

- Plassering av massane i D2 bør vurderast disponert anleis av omsyn til naturreservatet Drægnismorki- Yttrismorki, Yttri Naturbeitemark og naturmangfaldet. Overskotsmasser må i større grad nyttast til forbetring av eksisterande jordbruksareal eller til anna samfunnsnytte i kommunen, fortrinnsvis i Fortun.

### *Innarbeidast på høveleg plass i uttalen:*

Eit gassisolert anlegg (såkalla GIS anlegg) vil vere meir arealeffektivt. Denne løysinga har StatNett valt å satse på andre plassar og bør vurderast i Fortun.

Med helsing

Ole Gunnar Krakhellen  
stabsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.*

---

Postadresse	Telefon	Kontonr.	E-post
Luster kommune	+ 47 57 68 55 00	3785 07 00142	postmottak@luster.kommune.no
Postboks 77		Org.nr.	Heimeside
6866 Gaupne		964 968 241	<a href="http://www.luster.kommune.no">http://www.luster.kommune.no</a>





## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
32/23	Formannskapet	22.03.2023
22/23	Kommunestyret	30.03.2023

## Høyring - Ny Fortun transformatorstasjon

### Rådmannen si tilråding:

Luster kommunestyre vedtek høyringsuttale om Ny Fortun transformatorstasjon, med tilhøyrande anlegg, slik den ligg føre i vedlegg.

### Kommunestyret 30.03.2023

### Handsaming:

Framlegg i møtet:

#### *Framlegg frå Venstre v/Jon Ove Lomheim:*

Luster kommunestyre vedtek høyringsuttale om Ny Fortun transformatorstasjon, med tilhøyrande anlegg, slik den ligg føre til møte 30.03.2023 med følgjande endring til kommunen sine kulepunktmerknadar side 2:

- Kulepunkt 4 endrast til:  
Beslaglagt jordbruksareal må kompenseras i vesentleg større grad enn planlagt søkt om og «netto null»- rekneskap etterstrevast i samsvar med nasjonal jordvernstrategi. Så langt råd er skal areal i same arealkategori og same kvalitet for den enkelte grunneigar erstattast med tilsvarande areal, sekundært for landbruket i lokalområdet.

Framlegget vart vedteke med 20 mot 4 røyster (Frp og H)

#### *Framlegg frå Senterpartiet v/Marianne Bugge:*

Ekstra kulepunkt etter pkt. 4:

- Plassering av massane i D2 bør vurderast disponert anleis av omsyn til naturreservatet Drægnismorki- Yttrismorki, Yttri Naturbeitemark og naturmangfaldet. Overskotsmasser må i større grad nyttast til forbetring av eksisterande jordbruksareal eller til anna samfunnsnytte i kommunen, fortrinnsvis i Fortun.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

*Framlegg frå Senterpartiet v/Grethe Kristin Leirdal:*

Under punkt 3.4:

- Ein bør vurdere å byggje ny bru i samsvar med krav til dagens standard og legge om vegen for å utbetre kurvaturen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

*Framlegg frå Høgre v/Geir Arve Sandvik:*

Innarbeidast på høveleg plass i uttalen:

Eit gassisolert anlegg (såkalla GIS anlegg) vil vere meir arealeffektivt. Denne løysinga har StatNett valt å satse på andre plassar og bør vurderast i Fortun.

Det vart til slutt røysta for heile høyringsfråsegna med vedtekne endringar. Samrøystes vedteken.

#### **KOM - 22/23 vedtak**

Luster kommunestyre vedtek høyringsuttale om Ny Fortun transformatorstasjon, med tilhøyrande anlegg, slik den ligg føre i vedlegg med følgjande endringar/tillegg:

*Under punkt 3.4:*

- Ein bør vurdere å byggje ny bru i samsvar med krav til dagens standard og legge om vegen for å utbetre kurvaturen.

*Kulepunkt 4 endrast til:*

Beslaglagt jordbruksareal må kompenseras i vesentleg større grad enn planlagt søkt om og «netto null»- rekneskap etterstrevast i samsvar med nasjonal jordvernstrategi.

Så langt råd er skal areal i same arealkategori og same kvalitet for den enkelte grunneigar erstattast med tilsvarende areal, sekundært for landbruket i lokalområdet.

*Ekstra kulepunkt etter pkt. 4:*

- Plassering av massane i D2 bør vurderast disponert anleis av omsyn til naturreservatet Drægnismorki- Yttrismorki, Yttri Naturbeitemark og naturmangfaldet. Overskotsmasser må i større grad nyttast til forbetring av eksisterande jordbruksareal eller til anna samfunnsnytte i kommunen, fortrinnsvis i Fortun.

*Innarbeidast på høveleg plass i uttalen:*

Eit gassisolert anlegg (såkalla GIS anlegg) vil vere meir arealeffektivt. Denne løysinga har StatNett valt å satse på andre plassar og bør vurderast i Fortun.

## **Formannskapet 22.03.2023**

### **Handsaming:**

Formannskapet drøfta saka.

Rådmann tek med seg innspel og utformar framlegg til uttale for politisk handsaming 30.03.

### **FSK - 32/23 vedtak**

Framlegg til uttale vert lagt fram til møte 30.03.

### **Samandrag:**

Kommunen har fått oversendt høyringssak frå NVE, med uttalefrist 3. april 2023.

Statnett SF søkjer om å bygge og drive ein ny transformatorstasjon i Fortun. Søknaden inneber og riving av eksisterande anlegg, bygging av ny veg inkl. ei ny bru over Fortunelvi, og omlegging av kraftledningar inn til den nye stasjonen.

Linja AS søkjer om å bygge eit nytt bygg med innandørs koplingsanlegg ved sidan av Statnett sin nye transformatorstasjon.

Alle søknadsdokumenta er tilgjengelege på heimesida til nve:

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8702&type=A>

Hovuddokument i søknaden frå Statnett SF og Linja As ligg vedlagt i saka.

**Framlegg til høyringsuttale ligg vedlagt i saka.**

### **Fakta**

Omsøkte Fortun transformatorstasjon vil vere framtidsretta, bygd for 420 kV, og vil også vere meir driftssikker enn eksisterande transformatorstasjon. Denne har i møte med kommunen vorte omtala som eit provisorium. Mellom anna er industrien i Årdal er avhengig av sikker kraftleveranse, og ny transformatorstasjon vil auke leveringssikkerheita. Samstundes vi auka kapasitet i stasjon og linjenett opne for at vasskraftprosjekt som er gjevne konsesjon kan få moglegheit til å levere inn i nettet, ein føresetnad for at desse kan byggjast.

Prosjektet vil medføre svært store konsekvensar for landbrukseigedommar i Fortun, både for dagens og framtidig drift. Tiltaka er omfattande og vil medføre negative verknader for kulturminne, landbruk og naturmangfald.

Permanent arealbruk er grovt anslege til å vere om lag 44 000 m<sup>2</sup>. Av dette er om lag 22 000 m<sup>2</sup> fulldyrka jord, og om lag 1 300 m<sup>2</sup> innmarksbeite.

Omsøkte transformatorstasjon vil medføre at 5 eigedomar vil måtte avstå grunn. I landbrukssamanheng er det fyrst og fremst gbnr. 8/1 og 8/3 som vil få redusert driftsgrunnlaget sitt vesentleg. Gbnr. 8/1 må avstå grunn på om lag 25,5 daa, og gbnr. 8/3 må avstå om lag 17,2 daa. I tillegg vil tiltaka påverke naboeigedommar og bygda generelt. For Linja sin søknad vil det samla omsøkte arealet medføre at 1,5 daa totalt vert frigjort. Statnett frigjer ca 1,5 daa, eksisterande koblingsnett og trafoar.

Tiltaka vil medføre ulemper for berørte grunneigarar, det gjeld mellom anna spreiring av gjødsel nær leidningstrasèen.

I tillegg har det vorte peika på mulige konsekvensar til det tilgrensande naturreservatet Drægnismorki- Yttrismorki.

Når det gjeld infrastruktur så er det påpeika nokre tiltak frå Statnett si side på fv. 55 som vil sikre framkomst for nye trafoar.

### **Vurdering**

I den vedlagde høyringsuttalen har rådmannen peika på konsekvensar og avbøtande tiltak. Rådmannen meiner at Statnett må søkje å nå eit mål om netto 0-rekneskap, der beslaglagt jordbruksareal må kompenseras, fortrinnsvis som erstatningsareal i same arealkategori og same kvalitet for den enkelte grunneigar. Sekundært for landbruket i lokalområdet.

Rådmannen meiner også at det er viktig med nær dialog i samband med utarbeiding av ein Miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for prosjektet. Denne skal Statnett utarbeide etter at dei har fått konsesjon.

Rådmannen har i sin tilrådde høyringsuttale peika på fleire konkrete infrastrukturtiltak, som vil vere med på å sikre både trafikkavvikling og mjuke trafikantar i anleggsperioden, særleg i turistsesongen.

Rådmannen meiner at silinga av alternative tomter for transformatorstasjonen kunne vore synleggjort betre, då det ville gjeve betre forståing for val av tomt. Rådmannen ser at det grunna topografiske tilhøve vil vere vanskeleg å få lagt stasjonen utanfor bygda.

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner høyringsuttalen slik den går fram av vedlegg. Etter at kommunestyret har gjort vedtak om høyringsuttale vil denne bli lagt inn som brev og sendt til NVE.